



# Alvundfjord Bygdelag

inviterer til

## FARRA FJOR'N

### Programmet for dagen laurdag 12.juni

Kl.10.30: Buss frå Sunndalsøra.

Kl.11.45: Ankomst Svinvika. Her blir det enkel servering, og folk får så velje mellom a) omvisning på arboretet og b) omvisning på gammel-vegane ovafor Svinvikhamrane. Deretter går bussturen til Todalen Ungdomshus, som Narve Talgø vil fortelje om. Så kjører vi til gamle Todalsøra, der vi får litt meir orientering om Todalen, og mat og drikke på Pakkhuset Pub.

Kl.16.00: retur til Kvanne for å nå halv fem-ferja. Frå Rykkjem svingar vi oss oppå Hals-tunet for å nyte utsikta og få litt orientering om landskap og lokalhistorie. Innblant blir det musikk av SKRULT (dersom opphaldsver). Så tek vi ein tur ned til Steinsvoll nedpå Midtstranda, der vi får sjå Ålvundfjorden frå ein litt annan vinkel, og enda litt lokahistorie, før det ber innover til Fossheim, dit vi bør vera komne kl. 18.30. Der blir det saltmat (herleg kjøtt-ståpp), utstilling av handtverk frå Husflidslaget, ein filmsnutt av kjente ålvundfjordingar i 1970-80-åra og framvising av gamle foto.

Kl. 21.30: Dansefest med musikk av SKRULT, og pub attåt.

Billettpris for heile Farra Fjorn kr. 350,- Men den som vil ha fagleg omvisning på arboretet, må ut med litt til. Drikke betales av kvar enkelt.

For dei som berre blir med i Fossheim betaler kr. 300,- for middag og fest, kr. 100,- for middag, eller kr. 200,- for fest.

Påmelding: kontonummer 4035.17.41327. Alternativt liste på Handlarn i Ålvundfjord eller butikken i Todalen.

Merk betalinga Farra Fjor'n og med navn.

Spørsmål rettes til : [post@alvundfjord.no](mailto:post@alvundfjord.no)

Siste frist 4. juni.



ÅLVUNDFJORD